



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Gjemnes kommune

Tilsynsdato: 13.06.2018

Rapportdato: 13.07.2018

**Innhold**

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	4
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	4
1.3	TILSYNSTEMA .....	4
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVDINNTRYKK.....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNAD .....	7
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>8</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor summera opp nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	08.03.2018 (formøte) 13.06.2018 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Nordmørsvegen 24, 6631 Batnfjordsøra
<b>Kommunenummer:</b>	1557
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Alf Høgset
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Renate Frøyen
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Renate Frøyen
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	04.07.2018

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Gjemnes kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettlei, og det skal førast tilsyn med den einkilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2018.

### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse – Gjemnes kommune	28.03.2017
2.	Overordna beredskapsplan – Gjemnes kommune	26.03.2018
3.	Styringsdokument beredskap – Gjemnes kommune	2017
4.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2029 – Gjemnes kommune	Ikkje datert
5.	Planprogram kommuneplan 2016-2028 – Gjemnes kommune	29.10.2015
6.	Beredskapsplan for Bergsøy barnehage	2017
7.	Plan for handtering av alvorlege hendingar – Batnfjord og Angvik skule	Ikkje datert
8.	Økonomiplan 2018-2021. Årsbudsjett – Gjemnes kommune	2018
9.	Evalueringsrapport etter øving Fårikål 2017	23.10.2017
10	Leiaravtale	31.05.2018
11	Dagsorden – Beredskap, samarbeidspartar	22.11.2016
12	Samarbeidsavtale om beredskap	Ikkje datert
13	Handlingsplan for hendingar (tiltakskort)	Ikkje datert

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Gjemnes kommune vart gjennomført 08.03.2018. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 13.06.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Knut Sjømæling	Ordførar	X	X	X	X
Birgit Eliassen	Rådmann	X	X	X	X
Svein Arild Eikemo	Ass. rådmann	X	X	X	X
Alf Høgset	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Renate Frøyen	Seniorrådgjevar		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X			

## 2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Kommunen er i ein situasjon med mogleg grensejustering, og uklårheit om framtida til Gjemnes som kommune. Dette visast igjen i intervju knytt til det langsiktige beredskapsarbeidet i kommunen. Fylkesmannen opplev derfor at det langsiktige beredskapsarbeidet er satt litt på «vent» medan det skjer avklaringar rundt grensejustering.

Vi kan ikkje sjå av oversendte dokument at kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på overordna nivå. Kommunen planlegg å vareta dette gjennom det pågåande arbeidet med ny kommuneplan for Gjemnes kommune. Fylkesmannen tilrår at ein nyttar kommuneplanen sin samfunnsdel til å forankre kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2017. Analysen er forankra i kommunestyret, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta.

Innspel til revisjon av ROS-analysen:

Potensialet for forbetring ligg i utforminga av akseptkriteria, og involvering av politikarane i fastsettinga av desse. Til neste revisjon av analysen tilrår vi derfor at kommunen tek ein gjennomgang av risikoakseptkriteria, og legg desse fram til politisk handsaming før ein går inn i analysearbeidet på nytt. Samtidig vert det viktig å vurdere om dei utfordringane ein er mest bekymra for er med i analysen. Vidare bør analysen betre systematisere korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre. Spesielt hendingar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur.

Den overordna beredskapsplanen vart vedtatt i kommunestyret i mars 2017, og sist revidert i mars 2018. Beredskapsplanen manglar ein plan for krisekommunikasjon, og planen er ved tilsyn under utarbeiding og er venta å bli ferdig i løpet av august. Kommunen sin overordna beredskapsplan viser til andre beredskapsplanar, og kvar desse er å finne. Samanfatinga av den overordna beredskapsplanen sin samanheng med andre planar er ei minimumsløysing, og her er det eit forbetningspotensial.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øver og evaluerer øvingar. Fylkesmannen har fått tilgang til éi øvingsevaluering, men vi har kjennskap til at kommunen har delteke i fleire øvingar og opplevd nokre hendingar. Kommunen må få skriftleg evaluering inn som ein del av rutinane i etterkant av øvingar og hendingar.

Kommunen har eit styringsdokument for beredskap som mellom anna sikrar faste rutinar for møter i beredskapsrådet, revisjon av planverk, gjennomføre øvingar, og oppfølging av tiltak.

Kommunen kan med fordel flytte varslingslister og ressursoversiktar til CIM.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommentert som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Gjemnes kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

##### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, litra a og b.

##### **Utdjupande kommentar:**

Gjemnes kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar.

##### **Avvik nr. 2**

Gjemnes kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, litra e.

##### **Utdjupande kommentar**

Plan for krisekommunikasjon oppfyller ikkje minimumskrava i rettleiaren. DSB har utarbeidd ein rettleiar for krisekommunikasjon. Kommunen bør nytte denne i arbeidet med å lukke avviket.

#### 3.2 Merknad

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

##### **Merknad nr. 1 – ROS-analyse og beredskapsplanverk**

Kommunen bør:

- Gå gjennom risikoakseptkriteria i ROS-analysen, og legge desse fram til politisk handsaming før ein går inn i analysearbeidet.
- Betre systematisere/synleggjere korleis ulike risiko- og sårbarheitsforhold kan påverke kvarandre.

- Revidere beredskapsplanen for betre å stette krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. evakueringsplan. Politiet har utarbeidd ein rettleiar for handtering av evakuerte og pårørande ved større hendingar. Rettleiaren stille store forventningar til kommunen sin etablering og drift av evakuerte og pårørande senter (EPS). Kommunen bør revidere evakueringsplanen i tråd med rettleiaren.
- Gå gjennom funn i ROS-analysen og vurderer om handlingsplan for hendingar heng saman med avdekka funn og tiltak. Vurderer å ev. revidere/oppdatere tiltakskorta knytt til funna i ROS-analysen.
- Vurderer å flytte varslingslister og ressursoversiktar til CIM.

### **Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurderer å vidareutvikle styringsdokumentet til å fungere betre som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Det vil på ein betre måte kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – til dømes:

- Samla oversikt over kommunen sitt beredskapsplanverk.
- Tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar.
- Tydelegare rutinar for skriftleg evaluering etter hendingar og øvingar.

## **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419